



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
25/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	14.03.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FA - H12	16/229

### MELLOMBELS SÆRAVTALE OM DØGNOPPHALD FOR ØYEBLIKKELEG HJELP

#### Vedlegg:

Mellombels avtale om ØHD-tilbud ved Voss sjukehus\_2016  
Tenesteavtale nr 4

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gir si tilslutning til at Vaksdal kommune inngår mellombels særavtale som førelagt med Helse Bergen om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp. Særavtalen er knytt til Tenesteavtale nr. 4.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 25/2016

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Formannskapet gir si tilslutning til at Vaksdal kommune inngår mellombels særavtale som førelagt med Helse Bergen om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp. Særavtalen er knytt til Tenesteavtale nr. 4.

#### Saksopplysningar:

Administrasjonen i Vaksdal kommune og Helse Bergen ved Voss sjukehus har drøfta mogeleg mellombels løysing for øyeblikkeleg hjelp døgnplassar (ØHD) lokalisert til Voss sjukehus og komme fram til ei mellombels ordning slik det går fram av vedlagde avtale.

Voss sjukehus skal i ein periode på inntil eit år, 01.01.2016 – 31.12.2016, oppfylla Vaksdal kommune si plikt til å tilby ØHD for innbyggjarane i Vaksdal kommune og andre personar kommunen har ansvar for etter Helse- og omsorgstenestelova § 3-1, 1. ledd. Begge partar har i denne perioden høve til å sei opp avtalen skriftleg med 1 mnd varsel. Tilbudet som vert gitt ved Voss sjukehus er

spesialisthelseteneste, og Voss sjukehus er ansvarleg for at tilbodet til pasientane frå Vaksdal kommune er fagleg forsvarleg og i tråd med gjeldande regelverk. Legevaktlege, fastlege eller sjukeheimslege i Vaksdal kommune (og interkommunal legevakt) kan tilvisa pasientar dei meiner har behov for ØHD for innlegging ved Voss sjukehus i tråd med vanlege retningslinjer.

Vaksdal kommune har fått øyremerka rammetilskot for å drifta ØHD. For 2016 er denne summen kr. 1 204 000 kr. Jamt fordelt vert døgntilskot kr. 3289,62 i 2016 som er skotår. Voss sjukehus fakturerer Vaksdal kommune månadleg.

Avtalen var oppe til styrebehandling i Helse Bergen 24.02.2016 og er signert av styreleiar. Etter at Vaksdal kommune har signert, vert avtalen publisert på den felles internettsida [www.saman.no](http://www.saman.no)

### **Bakgrunn**

Kommunane har frå 1. januar 2016 fått plikt til å sørgja for tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for ØHD. Plikta gjeld berre for dei pasientar og brukarar som det er mogeleg for kommunen å undersøkje, behandla eller yta omsorg til, jamfør Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 3-5, 3. ledd og forskrift om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod.

Saka om oppretting av ØHD-avdeling var drøfta i Vaksdal kommune sin Mellombels komité for samhandlingsreforma ved fleire høve, og komitéen tilrådde at ØH-plassane vart lokalisert ved korttidsavdelinga på Daletunet. For å etablere tilbodet og få tilskot til oppretting av avdeling, må kommunen ha samarbeidsavtale med helseforetaket. Fram til desember 2013 var det fleire møte mellom Vaksdal kommune og Helse Bergen med sikte på å inngå slik avtale. Ein lukkast ikkje med å få avtale fordi Helse Bergen sette som ufråvikeleg krav at det skal vera tilgjengeleg lege for avdelinga heile døgnet.

Sak om oppretting av ØHD vart lagt fram for Vaksdal kommunestyre 16.12.2013. Kommunestyret fatta einstemmig vedtak om å gi rådmannen mandat til å starta drøftingar med Voss kommune om samarbeid om etablering av ØHD. Om mogeleg skulle ein ta sikte på å få fleksibilitet i avtalen, slik at ein kunne opna for innleggingar både på avdelinga på Voss og på korttidsavdelinga på Daletunet. Saka skulle opp til politisk behandling før eventuell avtale vart inngått.

Etter møte med Helse Bergen vinteren 2014 vart det klart at helseforetaket ikkje opna for innleggingar i ØHD på Daletunet, og at det ikkje var mogeleg med fleksibel løysing så lenge Vaksdal kommune ikkje har tilgjengeleg lege heile døgnet.

Sidan ØHD må vera lokalisert nær legevakt, vart derfor avtale med Voss kommune førebels einaste aktuelle alternativ. Det har vore dialog mellom Voss og Vaksdal kommune om deltaking i interkommunal ØHD-avdeling som Voss starta i samarbeid med Ulvik herad, Granvin herad, Eidfjord kommune og Kvam herad 4. januar 2016. Det er inngått tosidig samarbeidsavtale etter Kommunelova § 28-1 b og e mellom Voss og dei nemnde kommunane. Voss stiller seg positive til at Vaksdal også kan inkluderas i det interkommunale tilbodet rundt ØHD, men inntil den nye avtalen om interkommunal legevakt er vedteken i alle samarbeidskommunane, ønskjer ikkje Voss kommune å utvida talet senger på ØHD-avdelinga.

Vaksdal kommune måtte derfor finna anna løysing for ØHD frå 01.01.2016, og administrasjonen tok kontakt med Voss sjukehus, Helse Bergen, for å diskutera mogeleg mellombels løysing med ØHD ved Voss sjukehus. Partane drøfta situasjonen og kom i fellesskap fram til ei mellombels løysing slik det går fram av vedlagde avtale.

### **Vurdering**

Administrasjonen vurderer tilbodet om ØHD ved Voss sjukehus som eit svært godt tilbod for Vaksdal

kommune sine pasientar / brukarar og tilrår at mellombels særavtale knytt til Tenesteavtale nr. 4 vert inngått.